



NVE, Konesesjonsavdeling

PB 5091 Majorstuen

0301 Oslo

Til: nve@nve.no,

Kopi: csj@nve.no, rfl@nve.no, bth@nve.no

Dykkar ref.:

20.09.2022

Vår ref.: 1675278 / 3

Sakshandsamar: Ragna F. Haugland

SØKNAD OM Å FRÅVIKE MANØVRERINGSREGLEMENT

SFE Produksjon AS søker med dette om å fråvike LRV i Nedre Sødalsvatnet, Bremanger kommune, Vestland fylke **f.o.m. 15.01.2023 t.o.m. 15.06.2023**.

For regulering av Vestre Åskåra-vassdraget ligg kgl. Res. 12.08.1966 til grunn, om «Tillatelse for Sogn og Fjordane Fylke til å foreta reguleringar og overføringar i Åskåravassdraga m.v», samt «Vassdragsavdelinga i NVE sitt vedtak om tidsforlenging og planbrigde datert 01.08.1973» med justert manøvreringsreglement for Nedre Sødalsvatn.

Konesesjonsgitte lokale høgder for magasinet er:

Høgaste regulerte vasstand (HRV) = kote 545,00

Lågaste regulerte vasstand (LRV) = kote 518,60

Reguleringshøgde er 26,40 m og differanse til NN2000 er -28 cm.

Nivå for terskel på botntappeluke i dam: kote 512,75

Bakgrunn for søknad om fråvik

Nedre Sødalsvatnet er inntaksmagasin til kraftverket Åskåra 2. For å ivareta krav i damsikkerhetsforskrifta er det etter revurdering av dammen i 2017 nødvendig å gjere tiltak knytt til botntappeluke og anleggsdelar i ventilkammeret. Botntappeluka vart rehabilitert i 2021, og det er no vedteke å gjennomføre rehabiliteringsarbeid knytt til ventilkammeret. Arbeidet går ut på å byte ut ventilar, utføre pakningsskift, montere revisjonsventil oppstraums hovudventil, samt sandblåse og måle tilløpsrør, avløsprør, og tverrslagsport. For å gjennomføre dette arbeidet på ein effektiv og sikker måte må damluke opnast heilt opp slik at vatnet får renne fritt gjennom luka.

Gjennomføring av arbeidet medfører eit behov for å senke Nedre Sødalsvatnet under LRV i perioden arbeidet skal pågå (23.01-28.04.2023), samt i ein forlenga periode før og etter for å ha ein buffer i begge ender. Søknadsperiode er **15.01-15.06.2023**.

Nedre Sødalsvatnet deler seg pga. ein fjellrygg ved om lag kt. 523 (lokal). Det betyr at den sydvestlege delen av magasinet vil ligge att på eit høgare nivå enn den

nordaustlege delen når magasinet er senka. Det er såleis berre delar av magasinet, anslagsvis 15-20 % av arealet, som vil verte tappa under LRV. Luketerskel på botntappeluka har eit nivå på kote 512,75 (lokal). Dette er lågaste nivå ein søker om å gå ned til i samband med nedtappinga. Då botntappeluka vart rehabilitert vinteren 2021, gav NVE løyve til å fråvike LRV (vedtak 21.02.2021 / NVE ref. 202100068-6). Ved den nedtappinga danna det seg ei elv frå den nordlegaste delen av vatnet og nordover mot botntappeluka i dammen, og nivået på elva som rann gjennom luka vart målt til lågaste nivå på 512,85 (lokal), dvs. 10 cm over luketerskel.

Fram mot rehabiliteringsperioden planlegg vi å køyre aggregata i kraftstasjonen for å redusere vassnivået i magasinet. Resterande må tappast ut gjennom botntappeluka, i det gamle elveløpet mot nord, til sjø. Avrenninga gjennom luka svarar vidare til tilsiget som kjem inn i vatnet. Ein vil såleis kunne gjennomføre ei roleg nedtapping med bruk av aggregat og luke.

Vurdering av moglege effektar av fråviket

Under nedtappinga i 2021 vart det registrert lite lausmassar i området ved inntak og luke i magasinet. Det er difor liten risiko for at det vert ført ut store mengder lausmassar som kan tilslamme elveløpet nedstraums dammen og vidare ned mot sjøen.

Magasinet vert historisk senka jamt utover vinteren i takt med produksjonen. Ein slik reduksjon i vasstand er «normalen» for fisk og vasslevande organismar. Det er kunn ein potensiell gytebekk i innløpet til magasinet, men her fann ein ikkje fisk ved prøvefiske i 2019. Truleg skjer det rekruttering i tunnel frå Øvre Søralsvatnet. Bestanden har ei snittvekt på 142 g, k-faktor 0,83 (låg), vekststagnasjon ved 25 cm, innvollsparasittar i 78 % av 106 fanga aurar, og ei berekna høg biomasse, som såleis indikerer at vatnet er «tett befolka» i forhold til næringstilgangen (Hellen m.fl. 2020). Botndyrfaunaen er reguleringstolerant, og då nedtapping skjer i ein perioden når fisken er lite i bevegelse, vil nok dei aller fleste «bli med vatnet ned», halde seg i ro og såleis bli lite påverka av nedtappinga. SFE si vurdering er at den nedtappinga vi søkjer om ikkje vil ha stor negativt betyding for bestanden, men og at litt potensiell «uttynning» heller ikkje er negativt i dette tilfellet. Nedtapping vil, slik vi ser det, heller ikkje få nemneverdige konsekvensar for andre interesser i perioden, som t.d. ålmenta, kulturminne, friluftsliv/fiske, jord/skogbruk m.m.

Venleg helsing

SFE Produksjon AS


Ragna Flatla Haugland / Fagleiar miljø


Per Inge Verlo / Prosjektleder